



Fellesorganisasjonen (FO)  
Postboks 4693 Sofienberg  
0506 OSLO

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/1437 - 19/12575

Saksbehandlar:

Britt Hilde Romarheim

britt.romarheim@meland.kommune.no

05.06.2019

## Søknad om alternativ turnusordning

Det har vore gjennomført drøftingsmøte i heimetenesta i Meland kommune mellom leiinga representert med tillitsvalt for FO Marianne Bratshaug og avdelingsleiar Nina Tillfjord og tenesteleiar Britt Romarheim. Representant for Fagforbundet Kurt Arne Forthun og verneombod Veronika Skare har og vore delaktig i drøftinga.

### **Protokollen gjeld dispensasjon i høve til arbeidstid j.fr.AML 10-12 ( 4)**

Gjeld turnus: GRØNLAND 2

### **Følgjande vart drøfta:**

#### **a) Oversikt over vakt typar som krev dispensasjon:**

ML3 – kl. 09.30-09.30 og ML4 – 09.30-10.00(2 døgn)37,83 t.

ML3 – kl. 09.30-09.30, ML3 – kl. 09.30-09.30 og ML4 – 09.30-10.00(3 døgn)56,5 t.

Det er to tilsette som arbeider i team i kvar arbeidsperiode.

#### **b) Kor ofte ein skal ha slike vakter?**

Viser til vedlagt turnusplan der ein har rekna gjennomsnitt over 4 veker.

#### **c) Om vaktene kun er i helg eller i vekene:**

Vaktene er både i helg og i vekedagar.

#### **d) Maksimalt tal på lange vakter etter kvarandre:**

Vekedagar: 2 døgn/vaktar Helg: 3 døgn/vaktar

#### **e) Maksimal arbeidstid pr. veke:**

Arbeidstid kvar veke når vi reknar med 1/3 betalt på natt er maksimalt 56,5 t.

Dersom vi reknar time for time, er maksimal arbeidstid 72,5 t.

Det kjem ikkje fram av turnusplan at 2 t. pr døgn er betalt pause.

#### **f) Gjennomsnittleg arbeidstid pr veke ( både reelle og betalte timar som følgje av utvida arbeidstid grunna passiv vakt ):**

33,6 t. pr. veke der ein reknar 1/3 betalt time på natt

41,6 t. pr. veke der ein reelt er på jobb.

---

#### **Postadresse**

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### **Kontakt**

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Det kjem ikkje frem av turnusplan at 2 t. pr døgn er betalt pause.

**g) Tal på turnusveker**

4 veker

**h) Kviletid:**

Det er betalt for 2 t. fri for kvar av dei tilsette.

Desse timane vert tatt ut medan brukarane er på arbeid, dvs mellom kl 12 og kl 14.

Brukaren legg seg ca kl 22.00. I fyrste etg i huset er det i løpet av året blitt innreia ei leiligheit der ein har ein helsefagarbeidar som har våken nattevakt. Medan den som er tilsett i medleverturnus og har kvilande nattevakta ligg på eit rom i andre etg i nærleiken av to tenestemottakar som svært sjeldan er vakne på natta.

**i) Pausar:**

Dei tilsette avtalar når ein kan avvikle pausar på ettermiddag/kveldstid.

**j) Presisering av frivillig medverknad:**

Viser til brev frå tillitsvalde og signert erklæring om at ordninga er frivillig frå fagorganiserte tilsette si side.

**k) Eventuell kompensasjon:**

Det er avtala 2 t. betalt arbeidsfri i løpet av dagen.

Vidare er gjennomsnittleg arbeidstid 33,6 t pr veke.

**l) Når skjer evaluering av turnusordninga?**

Februar 2020

**m) Lengde på avtalen**

1 år.

**Vidare tillegg i protokollen:**

**a) I kva grad har dei faglege måla verte nådd med tanke på den faglege grunngjevinga for søknad om ein alternativ arbeidstidsordning?**

Arbeidet er knytta mot 4 brukarar med ei psykisk og fysisk funksjonsnedsetting med ulike utfordringar. For å fylgje opp brukarane på ein fagleg god måte er det nødvendig at det er ein tenesteytar med høgskuleutdanning tilstade døgnet rundt i tillegg til fagarbeidarar. Kvar brukar har ein primærkontakt med eit spesielt fagleg ansvar.

To av brukarane har budd i dette huset i fleire år og dei har hatt ein tenesteytar kvar når dei har vore i eigen heim, og ei felles sovande nattevakt. I underetg av dette huset har ein pussa opp to leiligheiter for to nye brukarar. Brukarane er kjende for heimetenesta, og har fått tenesteyting andre stadar i kommunen. Dei krev tilsyn døgnet rundt, og dei må ha våken nattevakt. Dermed vil det om natta både vere ei sovande nattevakt i medleverturnus og ei våken nattevakt tilstade.

Brukarane har stor trong for tydeleg struktur og faste klare rammer. Ved vaktbyte, aukar deira angst, uro og usikkerheit. Lange vakter fører til stabilitet i den psykiske helsetilstand til brukarane, då det mellom anna vert færre vaktbyter. Vidare vil tett oppfylgning frå tilsette som er på jobb over ei lengre periode som to og tre døgn bidra til meir trygghet og kontinuitet i kvardagen for brukarane.

**b) Kva for ein helsemessig påverknad har turnusen hatt for dei tilsette?**

Sjukefråværet hjå dei som har lange vakter er ikkje større enn elles i heimetenesta.

Personalet som har denne type turnus i andre arbeidslag opplever det svært positivt å ha

fleire vakter samanhengande for dermed å få meir samanhengande fritid mellom arbeidsøktene.

Dei tilsette opplever å ha god oversikt og kontroll i sin arbeidskvardag når dei kan vere saman med brukar ut over ei enkeltvakt.

**c) Korleis har innføring av lange vakter fungert?**

Denne arbeidstidsordninga vert opplevd som svært positiv i dei andre tiltaka vi har i Meland kommune.( tre tiltak pr dags dato) Vi ser at det er gunstig for brukarane å ha same tenesteytar over fleire døgn. Brukarane er rolegare på natt. Med samanhengande vakter på dag og kveld er det mulig for personale og brukarane å delta i aktivitetar, byturar m.m. Vi har og ein vernepleiar som ikkje går i medlevertturnus men dag og kveldsvakter, og som dermed kan vere eit ekstra supplement når det gjeld å oppretthalde kontinuitet i tenesta til brukarane.

**d) Kartlegging av sjukefråvære/turnover:**

Det er lite turnover for personalet som arbeidar med denne brukargruppa.

Sjukefråværet i heimetenesta fyrste halvår 2019 var 8,1%.

**Vedlegg: 1)**Uttale frå vernetenesta og tillitsvalde

**Vedlegg: 2)** Turnus: Medlevertturnus Grønland 2

Med helsing

Britt Hilde Romarheim

leiar heimetenesta

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Kathrine Straumøy Brakstad

Marianne Bratshaug